

FISKERIDIREKTØREN

7. nr. 10762 /84
5. okt. 1984

Ark.nr. 412. 5 Makrell

Bergen 10.10.1984
AV/ETN

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 216/84

FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET ETTER MAKRELL I EF-SONEN VEST AV 4° V.L. I 1984.

Fiskeridepartementet har den 5. oktober 1984 med heimel i § 4 i lov av 3. juni 1983 (nr. 40) om saltvannsfiske fastsett følgjande forskrifter:

§ 1

Norske ringnotfartøy kan fiska 29.000 tonn makrell i EF-sona i ICES statistikkområde VI a nord for 56° 30'N og VII d, e, f og h i EF-sona i 1984.

Fiskeridirektøren kan stogga fisket når kvoten er pårekna oppfiska.

§ 2

Turkvoten er fastsett til 1.000 hl + 40% av godkjend lastekapasitet inntil 10.000 hl. Minst 1.500 hl fra kvar last skal leverast til konsum.

Fiskeridirektøren kan etter søknad frå Norges Makrellag eller Feitsildfiskernes Salgslag dispensere frå kravet om konsumlevering for heile eller delar av fangsten.

§ 3

Fartøy som skal delta må melde seg på til Norges Makrellag eller Feitsildfiskernes Salgslag. Ved utseglingsfeltet skal fartøya melde frå til vedkomande salgslag.

§ 4

Fiskeridirektøren kan endre kvotene fastsett i § 2 første ledd og gje nærmere forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene, herunder å fastsetje utseglingsstopp.

§ 5

Aktlause og forsettlege brot på desse forskriftene eller forskrifter gjeve med heimel i desse vert straffa i samsvar med § 53 i lov av 3. juni 1983 om saltvannsfiske.

§ 6

Desse forskriftene tek til 8 gjelde straks.

Samstundes vert Fiskeridepartementet sine forskrifter av 23. desember 1983 om regulering av makrellfiske i EF-sona vest av 4° v.l. i 1984 oppheva.